

Suldal kulturskule

Vedtekne retningslinjer

- For å bli elev i kulturskulen må ein søke plass. Kulturskulen sender ut melding når ein har fått plass.
- Ein ordinær individuell time varer i 25 minutt. Vidarekomne elevar kan søkja om dobbelttime (40 min). Gruppetimar varierer i lengde.
- Dersom ein har valt eit nytt tilbod og finn ut at det valde tilbodet ikkje passar, kan ein melde seg ut kostnadsfritt før 15. september. Etter det er ein elev for heile skuleåret og får krav om innbetaling deretter.
- Dersom eleven vil slutta, må kulturskulen få beskjed om det frå føresette.
- Kulturskulen har to semester. Krav om innbetaling av semesteravgift vert sendt ut haust og vår.
- Kulturskulen kan vurdera reduksjon i avgifta ved lengre tids fråvær (meir enn fire veker) pga. sjukdom eller fråflytting.
- Dersom eleven misser meir enn to undervisningstimar i eit semester grunna lærarfråvær utan vikar, skal timane takast att, eventuelt kan det gjevast tilsvarande reduksjon i semesteravgifta
- Sjukdom eller anna fråvær frå undervisninga skal meldast til læraren eller kulturskulen
- Dersom ein elev er uheldig og øydelegg eller skadar noko av skulen sitt utstyr, må læraren straks få melding om dette. Er skaden komen av uvøren bruk frå eleven si side, må elev/føresette betala reparasjonskostnadene
- Det er mogleg å søkje friplass for låginntektsfamiliar. Med friplass får ein dekkja alle utgifter.
- Desse retningslinjene gjeld for alle som er elevar i kulturskulen

Alle lærarar og tilsette i kulturskulen har teieplikt

Suldal kulturskule
januar 2022